

ADVOKATANE RØNNEKLEIV, LØVIK OG SUNDE I KONTORFELLESSKAP

PERSONVERNERKLÆRING FOR ADVOKATFIRMA ASBJØRN LØVIK MNA

Sist endra: 04.09.2018

Denne personvernerklæringa gjeld for Advokatfirma Asbjørn Løvik MNA ("vi" eller "oss"). Vi er behandlingsansvarlege for behandling av personopplysningar som er gjort greie for i denne personvernerklæringa. Du finn kontaktinformasjonen vår nedanfor.

1. Kven vi behandlar personopplysningar om

Denne personvernerklæringa rettar seg mot vår behandling av personopplysningar om følgjande personar:

- Privatkundar
- Klientar i straffesaker
- Kontaktpersonar hos verksemdklientar
- Kontaktpersonar hos våre leverandørar og samarbeidspartnarar
- Personar som er involvert i saker vi har eit oppdrag for
- Andre personar som er omtalt i saksdokumenter vi får tilgang til
- Besøkande på vår nettside

2. Formål, typar av personopplysningar og rettsleg grunnlag

Nedanfor har vi gitt ei oversikt over kva føremål vi behandlar personopplysningar, kva type personopplysningar vi behandlar og det rettslege grunnlaget for behandlinga.

Etablering av klientforhold: Når vi vert kontakta av ein klient med førespurnad om vi kan ta eit oppdrag, undersøker vi internt om vi er uavhengige (konfliktavklaring) før vi eventuelt seier ja til oppdraget. Konfliktavklaringa tener eit legitimt føremål og har grunnlag i GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav f (interesseavveging). Konfliktavklaring av privatkundar omfattar som regel fullt namn, kva saka gjeld og, dersom relevant, kredittverdighet. Generelt sett vil ikkje konfliktsjekk på vegner av verksemdklientar medføre behandling av personopplysningar.

Ved etableringa av eit klientforhold vil vi gjennomføre ein kundekontroll i samsvar med reglane i kvitvaskingslova. Som medfører framlegging av dokumentasjon for identifisering av klient/klientsrepresentant og lagring av dokumentasjon på klientmappe, samt innhenting av eventuelt ytterlegare opplysningar for å oppfylle pliktene for kundekontroll etter kvitvaskingslova. Kundekontrollen er nødvendig for å oppfylle våre rettslege plikter etter kvitvaskingslova, jf. GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav c.

Dersom vi kan ta oppdraget, registrerer vi kontaktinformasjon, dvs. klienten sitt fulle namn, adresse, eventuell e-postadresse og telefonnummer. For verksemdklientar i tillegg organisasjonsnummer, samt fulle namn på representant for klienten, samt e-postadresse og telefonnummer til vedkommande representant. Registreringa av kontaktopplysningar er for privatkundar nødvendig for å kunne inngå avtale med vedkommande, jf. GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav b. For verksemdklientar bygger registreringa av kontaktopplysningar på ei interesseavveging, jf. GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav f.

Sakshandtering: Enkelte advokatoppdrag medfører at vi får tilgang til personopplysningar om partar eller andre enkeltpersonar som er involvert i saka. Slike opplysningar kan gå fram av dokument som klienten sender eller annan korrespondanse i saka. Behandlinga av personopplysningar i samband med



oppdrag for verksemdsklientar er forankra i GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav f (interesseavveging). I nokre saker får vi også tilgang til sensitive personopplysningar, t.d. helseopplysningar eller straffedommar og lovbrøt. I slike tilfelle har behandlinga av opplysningane heimel i GDPR artikkel 9 nr. 2 bokstav f (behandlinga er nødvendig for å fastsette, gjere gjeldande eller forsvare eit rettskrav), jf. personopplysningsloven (ny 2018) § 11.

Kunnskapsforvaltning: Avtalar og andre dokument som kan nyttast i andre samanhengar vert anonymisert og lagt i eige erfaringsarkiv. Behandlingsgrunnlaget er vår interesse i å nyttiggjere utarbeidd kunnskap i vidare rådgeving, jf. GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav f (interesseavveging).

Klientadministrasjon. Det vert oppretta eigne saksmapper for oppdrag som vert utført på vegner av klient. Tid og kostnader som er påløpt på ei sak vert registrert i vårt regnskapssystem. For verksemdsklientar er det vi gjer i samband med klientadministrasjon heimla i GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav f (interesseavveging), mens det for privatkundar er å sjå på som ein nødvendig del av det å oppfylle avtalen med vedkommande, jf. GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav b.

Lagring og oppbevaring av saksdokument: Vi lagar saksdokumenter i 10 år etter at oppdraget er avslutta. Lagring i dette tidsrommet er vurdert som nødvendig av omsyn både til klienten og for vår eigen del, då det i ettertid kan komme opp spørsmål eller ein tvist der den informasjonen som er lagra på ein sak igjen kan bli aktuell. Det rettslege grunnlaget for behandling av personopplysningar er GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav f (interesseavveging, jf. den legitime interessa oppgitt over) og GDPR artikkel 9 nr. 2 bokstav f (fastsette, gjere gjeldande eller forsvare rettskrav), jf. personopplysningslova (ny 2018) § 11.

Fakturering: Kontaktopplysningar som er mottatt frå verksemdsklientar nyttar vi for å merke faktura som vert sendt til verksemda dersom klienten ber om dette. For privatkundar, nyttar vi personen si private postadresse for utsending av faktura. Behandlingsgrunnlaget er GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav f (interesseavveging) for verksemdsklientar og GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav b (nødvendige for å oppfylle avtalen med den registrerte) for privatkundar.

IT-drift og tryggleik: Personopplysningar som er lagra i våre IT-system vil kunne vere tilgjengelege for oss eller for våre leverandørar i samband med oppdatering av system, implementering eller oppfølging av tryggleikstiltak, feilretting eller anna vedlikehald. Behandlingsgrunnlaget er GDPR artikkel 6 nr. 1 f (interesseavveging, jf. vår legitime interesse knytta til nemnde aktivitetar) og vår rettsleg plikt til å ha tilfredsstillande informasjonstryggleik, jf. GDPR artikkelane 32 og 6 nr. 1 bokstav c.

Marknadsføring: Dersom vi sender ut nyheitsbrev, vert dei sendt til e-postadresser som er registrert på klientar som vi yter advokattjenester til og andre som har bedt om å få vårt nyheitsbrev. Mottakarar av nyheitsbrevet kan enkelt melde seg av tenesta ved å nytte link som er inkludert i kvar enkelt utsending. Behandlingsgrunnlaget er GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav f (interesseavveging) der vi har mottatt e-postadressa i samband med eit advokatoppdrag. Dersom det ligg føre eit eksisterande kundeforhold vil marknadsføringa skje i samsvar til marknadsføringslova § 15(3). I andre samanhengar bygger marknadsføringa på samtykke frå vedkommande, jf. marknadsføringslova § 15(1) og GDPR artikkel 6 nr. 1 a.

3. Kven vi deler personopplysningar med

Våre leverandørar av IT-tjenester vil kunne ha tilgang til personopplysningar dersom personopplysningar er lagra hos leverandøren eller på annan måte er tilgjengelig for leverandøren i samsvar med kontrakten med oss. Leverandørane yter sine tenester til oss i samsvar med databehandlaravtale og under vår instruks. Leverandøren kan berre nytte personopplysningane for dei føremåla vi har bestemt og som er gjort greie for i denne personvernerklæringa.

Advokatar er underlagt ein straffesanksjonert teieplikt som følgjer av straffelova § 111. Alle opplysningar som blir gitt til oss i samband med eit oppdrag blir handtert konfidensielt. Vi utleverer ikkje personopplysningar i andre tilfelle eller på andre måtar enn dei som er gjort greie for i denne personvernerklæringa med mindre klienten eksplisitt oppmodar til eller samtykker til dette, eller utleveringa er lovpålagt.

4. Lagring av personopplysningar

Vi lagrar saksdokument i 10 år. Rekneskapslovgjevinga pålegg oss elles å lagre bestemte rekneskapsdokument i eit nærmare gitt tidsrom. Når eit bestemt føremål tilseier lagring i eit gitt tidsrom, sørger vi for at personopplysningane berre vert nytta for det aktuelle føremålet i dette tidsrommet.

5. Dine rettar

Du har rett til personopplysningar som omhandlar deg. Kva rettar du har, vil avhenge av omstenda.

Trekke samtykke tilbake: Dersom du har gitt samtykke til behandling av personopplysningar, kan du også når som helst trekke samtykket tilbake.

Be om innsyn: Du har rett til innsyn i dei personopplysningar vi har registrert om deg, så langt ikkje teieplikta er til hinder for dette. For å sikre at personopplysningar vert utlevert til rett person, kan vi stille krav om at krav om innsyn skjer skriftleg eller at identitet vert verifisert på annan måte.

Be om retting eller sletting: Du kan be oss om å rette feilaktige opplysningar vi har om deg eller be oss om å slette personopplysningar. Vi vil så langt som mogleg imøtekomme ein førespurnad om å slette personopplysningar, men vi kan ikke gjere dette dersom det er tungtvegande grunnar for ikkje å slette, for eksempel at vi må lagre opplysningane av omsyn til dokumentasjon.

Dataportabilitet: I nokon tilfelle vil du kunne ha behov for å få utlevert personopplysningar du har gitt til oss for å få desse overført i eit maskinlesbart format til eit anna advokatfirma. Dersom det er teknisk mogleg vil det i enkelte tilfelle vere høve til å få desse overført direkte til det andre firmaet.

Klage til tilsynsorgan: Dersom du er ueinig i måten vi handsamar dine personopplysningar, kan du klage til Datatilsynet.

6. Tryggleik

Vi har etablert prosedyrar for å handtere personopplysningar på ein sikker måte. Tiltaka er både av teknisk, og organisatorisk art. Vi gjennomfører vurderingar av tryggleiken i alle sentrale system som vert nytta til for handtering av personopplysningar, og det er inngått avtaler som pålegg leverandørar av slike system å syte for tilfredsstillande informasjonstryggleik. Tilgang til personopplysningar (og klient-/saksinformasjon) er avgrensa til personell som har behov for tilgang for å utføre sine oppgåver.

Vi har vedtatt interne IT-retningsliner, og ved behov opplæring av tilsette med omsyn til sikkerhet og bruk av IT-system.

7. Endringar i personvernerklæringa

Vi vil kunne gjere mindre endringar i denne personvernerklæringa. Du vil alltid finne siste versjon på vår nettside. Ved vesentlige endringar vil vi varsle om dette.

8. Kontakt oss

Dersom du har spørsmål eller merknader til vår personvernerklæring eller du vil gjere dine rettar gjeldande, kan du ta kontakt med oss:

Advokatfirma Asbjørn Løvik MNA

Postboks 84

6801 Førde

Tlf. 57 82 91 90

al@sunnfjordadvokatane.no